

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2006

Bondelaget har vårmøte på

Holmavatn torsdag 30 mars kl. 19.30. Gramstad'n kjem og det vert servert kjøttkaker og sviskegrøt

Korpskonsert

Legg turen til Vedafjell 11. juni. Der vert det både konsert og grilling

Bondelaget

har mange "jern" i elden. Innsamlinga av jern er noko av dette,


"Grøden"

Det er gildt med vinter, og Grødalandsstemmen er klar for skeising.


Foto: Eirik J.



Yrande liv på "Grøden"



Humlebølet – eit tilbod ope for alle




Kvar tysdag, mellom 10 og 12, treffest born som ikkje går på skulen og foreldra deira på Varhaug Misjonshus. Tilbodet er ope for alle, og det er ein glimrande plass å verta kjent med andre småbarnsforeldre i bygda.

Samlingane startar klokka 10 med ei stund på golvet, der me får høyra historier frå bibelen og syng alle slag songar i lag. Når samlingsstunda er slutt, finn alle seg ein stad rundt bordet og et det ein har teke med seg. Dei vaksne tek med kopp, kaffi og te er å finna på huset. Når ein når dette punktet i programmet, ber samlinga sitt namn med rette, for då summer det som eit ekte humlebøle. Antal born varierer frå rundt 30 til 50,



Frå karneval og juleavlutninga

Foto: Solfrid Kydland



og det er alt frå nyfødde til førskuleborn å finna på Humlebølet. Etter maten går drøset lett, Humlebølet sine leiker vert dregne fram og det er råd for alle å utfalda seg i leiken.

For oss som er vaksne, er dette ein flott stad å treffa andre småbarnforeldre og ungane får treffa ungar dei seinare skal gå i barnehage og skule med. Me som er nyir. yttja til bygda, har her ein god stad å starta for å verta kjent både med bygda og menneska her. Her vert ein teken i mot og finn alltid nokon å snakka med.

Mange vil nok tru at det er helst mødre som finn vegen til Humlebølet, men

jamen har ein del fedre og funne seg til rette her. Alle er velkomne, anten dei er kristne eller ikkje, og me som er med deler på å laga klart til samlingane og rydda opp etter dei.

4.april skal me koka egg på Leksaren, 11.april er det påskeferie, og etterpå er det ordinære samlingar til avslutninga 6.juni.

Hjarteleg velkommen skal du vera!

Skrive av Kristin Søyland

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bridgeklubb, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
Nestleiar

Jo Ånestad, bridgeklubben
Sekretær

Kristin Søyland, bygdekvinnelaget
Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H
Styremedlem

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset
Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget
Varamedlem

Sverre Varhaug, vennelaget Lerbrekk

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav ein gløymleklednad god.

Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn

der han står vakt om deira bein som levde i vår grend "

Varhaugbuen avheld årsmøte
4. april på Internatet



Eit lite sogeskriv om Varhaug Mølle

Den 1. juli 1971 vart Varhaug Mølle formelt kjøpt av Varhaug Lutingslag og Rogaland og Agder Felleskjøp. Det vart utarbeidd teikningar, utover våren 1972 kom så arbeidet i gang, og den 28. august 1972 kunne ein så ta imot dei første kornpartia i den nye mølla.

Våre forfedre har i uminnelege tider dyrka korn her i landet. Kor tidleg er vel vanskeleg å slå heilt fast, men ein plar rekna med at me har dei første spor i den yngre steinalder. Og nettopp her i Hå har med eitt av dei eldste spora i heile landet. I eit leirkar frå Salthel-leren i Ognå er det eit tydeleg avtrykk av eit byggkorn. Dette har dei lærde funne ut er om lag 4000 år gammalt. Funn andre stadar viser at det i åra før Kristus har vore dyrka bygg og kveite her i landet. Havren kom noko seinare, men alt i mellomalderen var

den det mest brukte kornslaget.

Men kva måte bruka dei til å få mala kornet sitt på? Frå først av nytta dei "skrubbekvern". Ein stein under, gjerne litt hol, som dei la kornet på, og så ein mindre stein over som dei med handamakt skrubba ett og fram. Ein trur desse har vore i bruk til år 2-300 etter Kr.f. Då kom handkverna i bruk. Det var to flate steinar, der den øvste vart svinga rundt med hendene, seinare med feste for handtak til å sveiva øvresteinen med.

I eit pavebrev frå 1209 er bekkekverna nemnd, og det tyder på at dei på denne tida var nokså vanleg i bruk. Det er rimeleg å tru at vikingane tok med seg kunsten å bygga bekkekvernar frå England, eller andre land der dei fór på hærferd.

Sidan gjekk mange hundre år utan noko større utvikling. Det er ikkje så

stor skilnad, det ein kjenner til, frå desse første kvernane fram til dei siste som ennå er å finna. Mest kvar gard, eller grend, hadde si kvern, og i 1830 reknar ein med at det var 30.000 bekkekvernar i Norge. Sidan vart det nok færre då dei første handelsmøllene kom inn i biletet i førre hundreåret.

Det vart større kornvidder etter kvart, og fleire og fleire såg seg ikkje tente med bekkekvernane lenger, når møllene gjorde arbeidet både kvikkar og betre. Me må nok rekna med at kvaliteten av malinga var sterkt variabel Mange bruk hadde inga kvern, og kanskje heller ingen særskilde malerettar, og for dei vart det vanlegvis seint før dei fekk kornet sitt malt.

På denne måten vaks det etter kvart fram eit behov for ei mølle også her i bygda. Saka vart drøfta att og fram, men tidene var tronge. Det var ingen



Foto: Otto Bø

overflod av kapital hos den vanlege bonde, så dette drog ut.

I oppgangstida under første verds-krigen, må ein vel seia at saka modnast til ei avgjerd, og i 1915 fekk eit "aktieselskap" tak i tomt, og sette igang med bygging.

"Aktieselskapet" var desse: Ola Fuglestad, Rasmus Kydland, Mikal Haugstad, Elias Reiestad, Sven H. Aanestad, Erik S. Skretting, Eik & Ahusken og seinare Christian Eik, Stavanger.

Dei fekk murt opp ei mølle i 2 1/2 etasje med ei golvflate på 165 m². Det var 4 plateturker berekna på vedfyring og 4 kvernar. 4 år seinare bygde dei lagerbygg i tre. Det var i 3 etasjer med ei golvflate på 140 m². Dei hadde "gamlelensmannen" Tobias Hobberstad til å føra rekneskapen.

Om drifta utover dei første åra etter starten, er det lite skrive, men det gjekk nok både opp og ned. Året 1923 vil nok minnast som det ringaste året. Lite og ikkje korn, og ikkje pengar. Økonomien var skral, og det gjorde ikkje saka betra med eit alt for stort ved-kjøp som dei sleit lenge med.

Men i 1927 kom det eit stort omskifte, då ordninga med korntrygd vart gjennomført. Det varsla slutten for bekkverkane, då berre møllene kunne gje fråsegn om kornmengd som hadde rett på trygd. Frå den tida kan me rekna at alt kornet vart malt på mølla, kanskje med eit lite unntak for krigstida med dei særskilde tilhøva då.

I åra fram til 1940 gjekk verksemda sin vante gang utan noko større skifte. Litt vedlikehald og litt forbetring var det sjølvsagt. Eigiarane skifta, fleire av dei som starta var døde. Andre selde aksjane sine, både frivillig og i eit tilfelle p.g.a.konkurs.

I 1940 stod då desse som eigarar: Erik P. Skretting, Hans S. Aane-

stad, Sven T. Aanestad og Bertinius Kydland som var disponent og rekneskapsfører.

Seinare overtok Tosten og Bertel Aanestad aksjane etter faren Sven T. Aanestad. Desse sat som eigarar fram til salet av mølla i 1962.

"Møllaren" sjølv, Karl Aamodt, tok til her i 1921. Han var fødd i Bamble der far hans var gruvearbeidar. Då Karl var 9 år, flytta familien til Sokndal, der dei overtok heimegarden til mora. Karl måtte tidleg ut i arbeid, det bar til mølla i Eigersund og seinare til Jøssingsfjord på ei tremølle der.

Her på Varhaug vart han tilsett med "fritt hus, lys og brenne". Det var i "møllarhuset", som det seinare vart kalla. Men den første tida hadde han berre loftet, då Rakel Anda dreiv handel i 1. etasje. Det var nok ingen overflod av plass, for då han fekk heile huset var det 7 born i heimen. Huset var bygt i 1899, og det hadde vore Rasmus Kydland sitt. Under krigen bruka tyskarane huset, og familien Aamodt flytta til Olav Bjorland på loftet der.

Krigstida og mølla er eit kapittel for seg, og i det kapitlet høyrar møllaren Karl Aamodt med. Mange er dei som endå i dag kan fortelja litt om den hjelpa han, med stor risiko for seg sjølv, ga dei.

Det kom kontroll på mølla, og det var som vanleg meir korn og mjøl enn bøkene viste. Den gongen betala bøndene mulkt. Ein annan stubb frå den tida: Ein dag hadde møllaren fått ein lammebrog stukke i handa medan han var på mølla. Seint på natta var han på heimveg til Olav Bjorland med bogen under trøya. Då kom han opp i passkontroll, og hadde ikkje passet med seg. "Eg var redd", sa møllaren, men så kom han på lammabogen. Vakta lot seg bestikka, det var ikkje kvar dag dei heller åt lammekjøt. Som

regel gjekk nok alt godt, men bare den som sjølv har vore ute for slikt, veit kor det tek på.

Åra etter krigen kom til å skapa problem for møllene over alt, og Varhaug Mølle fekk og ein del. Før var det jamn verksemd heile året. Med tørt og velmoge korn var det lite vanskar på mølla. Men etter kvart som mekaniseringa auka med skurdtrøskarar og nyare bergingsmetodar, så fekk me ein stor arbeidstopp om hausten. Resten av året gjekk det nærast på tomgang. Det førde til vanskar med arbeidskraft om hausten, og vanskar med å utnytta arbeidskrafta resten av året. Etter kvart gjekk nok eigarane trøytte. Dei såg at skulle mølla vera liv laga, måtte det ei stor modernisering til. Dei ga Jørgen og Jacob Aamodt tilbod om å overta mølla for ein rimeleg pris. Dei slo til, og i februar 1962 overtok dei.



"Gamlemøllaren" fekk kjøpa huset han til nå hadde leigd, for ein rimeleg pris. Alt same året sette brødrene Aamodt i gang med bygging av korn-turke, og om hausten kunne dei ta imot korn til turking på denne. Turka □

□ hadde ein kapasitet på 2 1/2 tonn i timen når kornet vart nedturka 4%.

Det viste seg at dette på ingen måte var nok til å stetta trongen. På få år slo nå skurdtrøskarane heilt gjennom. Mykje korn gjekk etter kvart ut av bygda, særleg til Bryne og Forus. Her må det vera på sin plass med litt ros til møllarane som strekte seg langt for å hjelpa folk. Og den vanlege bonden skjøna på dette, og det var aldri noko misnøye. Hadde dei på mølla sagt at dei ikkje kunne ta imot kornet, så var det det same som at dei såg at det umuleg kunne gå, så gjerne dei ville. Brødrene Aamodt arbeidde nok med visse planar om utviding og utbetring, slik at mølla vart bedre i stand til å møta dagens krav med skurdtrøsking og laustransport av korn. Den store bøygen var vanskar med å få kapital. Det var ingen stønad å få frå Statens Kornforretning, som ikkje ville hjelpa private møller. Då formannen i Varhaug Lutingslag, Gustav Nord-Varhaug, kom med eit forslag om samarbeid, møtte dei straks

makt av årsmøtet til å arbeida vidare med saka, og ev. koma med forslag til eit ekstraordinært årsmøte.

Etter årsmøtet kom det nå meir fart i saka. Det vart halde fleire møter med brødrene Aamodt om eigedomsforholda og utbygging av mølla. Etterkvart kom brødrene Aamodt til at det beste for saka var at dei drog seg ut som eigarar.

Dermed stod Lutingslaget i ein ny situasjon. Kunne og skulle me ta på oss å kjøpa og bygga ut mølla aleine? Eller skulle me gå ifrå saka?.

Det viste seg at det var gode mulegheiter for lån i Statens Kornforretning til utbetringar. Så kom og spørsmålet om det var andre me kunne få til eit samarbeid med. Det synt seg at det gjekk nok å bygga ut mølla i eit privat mønster, men styret i Lutingslaget meinte at Rogaland og Agder Felleskjøp kunne bygga ut og sikra drift av mølla under langt mindre vanskelege tilhøve enn andre interesserte.

17. oktober 1970 kom Felleskjøpet ved Jone Vadla, Lars Vatsendvik og

frå Felleskjøpet og avd.sjef Ryssdal frå Forus. På dette møtet vart det diskutert kor vidt det gamle bygget kunne brukast til turke og kornmottak. Me tenkte i så fall å bygga 8 runde siloar av betong sørover frå mølla. Dei skulle vera 5x15 m store. Det hadde då vore tinga med Berta Dubland om å løysa inn tomta med huset ho åtte. Det gjaldt og tomta til det gamle forsamlingshuset. Det vart og diskutert om det gjekk an å få sett opp firkanta celler nord for, og delvis inn i gamlemølla. Me var samde om at mølla var vanskeleg å få modernisert, og såg helst fram til at det kunne byggast ny. Ein kalkyle for moderniseringa viste at det ville kome på kr.450.000 utan moms. Det var i dette tilfelle ikkje rekna med utviding av tomta. Styret i Varhaug Lutingslag og utvalet var av den meining at det burde byggast ny mølle, og arbeidde nå for det frametter vintaren. Me fekk så vitjing av heile styret i Rogaland og Agder Fellessalg den 4. mars 71. Der drøfta me kor vidt gamlebygget kunne brukast, ev. berre grunnmuren, og me såg og på den nye tomta me kunne få kjøpa av Hå kommune.

Etter denne synfaringa hadde Felleskjøpet styremøte der direktør Vadla spela ei sentral rolle for samla vedtak om ny mølle. Framtida vil nok syna at det var ei rett avgjerd i denne saka.

Den 1. juli 71 vart Varhaug Mølle formelt kjøpt av Varhaug Lutingslag og Rogaland og Agder Felleskjøp. Det vart utarbeidd teikningar, og utover våren 72 kom så arbeidet i gang. Den 28. august 72 kunne ein så ta imot dei første kornpartia i den nye mølla.

Varhaug 15. september 1972

Varhaug lutingslaga

Varhaugbuen vil takka Sverre Aaenstad for dette innlegget. Redaksjonen er opptekne av å få med både nytt og gammalt i bladet, og dette var eit særskildt bidrag frå "gamle dagar".



Foto: Liv

ein positiv reaksjon hos brødrene Aamodt. Det var då på tale om å bygga eit mottak for korn frå tank, pluss ein del endringar på lager og turke. Ein vart enige om å gå vidare med saka, og på styremøte i Varhaug Lutingslag 4. september 1970, vart det oppnemndt eit utval som skulle ta seg av møllesaka. Det var Gustav Varhaug, formann. Jon Lyng Lea og Elling P. Haarr. Dei la fram si innstilling til årsmøtet 29. september same år. Der fekk styret samrøystes full-

Tor T. Gudmestad på vitjing. På dette møtet vart retningslinjene drøfta for eit felleskap mellom Felleskjøpet og Lutingslaget. Me var og på synfaring på mølla, og såg på utbetringar me meinte måtte til. Likeeins såg me det slik at mølla burde utvidast med 8 kornsiloar med ei høgd på 15 m, og turkekapasiteten måtte aukast til 16 tonn korn pr. time nedturka 4%.

26. oktober 1970 hadde me så vitjing av konsulent Gullnes frå Statens Kornforretning, Oslo, konsulent Kolnes

Haydomsjukehuset treng sengkledde

Då bygdekvinnelaget nyleg hadde møte på Lerbrekk, der Gunvor Engtrø m.a. fortalde om ein tur til Haydomsjukehuset, sa ho det var stor mangel på baby- og sengkledde (laken, dyne-trekk m.m.) Alle har me vel liggande mykje slikt i skapa som aldri vert brukte, dei ligg berre der "av gamal

vane". Er det nokon som har sengetøy o.a. liggande, som kan sendast der det er naud på slikt, så kan dette pakkast skikkeleg og leverast i garasjen til Holger Kjølvik, Askevegen 5.

Sonemøte i bygdekvinnelaga

Kva vår vert det arrangert eit felles møte for bonde-bygdekvinnelaga i sone 2 (Time, Klepp og Hå). Denne gongen var det Nærbø bondekvinnelag som var vert, og møtet vart halde på Nærbø Samfunnshus 9. mars. 4 langbord var fullsette med kvinner (men og nokre få menn) då Rannveig Gudmestad ynskte alle velkomne til ein kveld med rikhaldig program med både alvor og skjemt.

Innlegget til Bilstad om "Laust og fast på ein torsdag, men mest om

vatn" var veldig interessant, og da ga vel alle noko å tenkja på. Det er ikkje mange som er så heldige som oss, som nærast kan "boltra" seg i både mykje og godt vatn. Elles var det gildt å høyra på Tobias og, og ikkje minst få vera med å synga fleire flotte (og i alle for meg heilt ukjende) sanger av Tobias Skretting.

Neste år er det Varhaug som skal vera vert for sonemøtet.

KFB-konferanse

KFB eller Kvinners Frivillige Beredskap er ein landsomfattande paraply-organisasjon. Utanom bygdekvinnelaget er desse laga med: Nasjonalforeningen for folkehelsen. Norges Fiskarkvinnelag, Norges Kvinne- og Familieforbund (tidl. husmorlaget Norges Lotteforbund, Redninskaper og Kommunikasjonsforbundet

KFB var stifta 9. april 1951 etter initiativ av Kronprinsesse Märtha, statsminister Einar Gerhardsen og formann i Norske Kvinners Nasjonalråd. Claudia Olsen.

KFB arbeidar for å styrka det sivile samfunnet til å møte krisesituasjonar både i fred og krig. M.a. har KFB vore

sentral i ymse hjelpearbeid i samband med flaum o.a.

9. mars hadde KFB Rogaland Sikkerhet- og beredskapskonferanse i Stavanger. (Dei bygdekvinne som var både der og på sonemøtet, hadde ein travel dag!)

På programet stod m.a. Bilkjøring i tunnel- sikkerhet og beredskap v/Kommedal frå Statens vegvesen og Offentlig ansvar og privatisert risikot v/fylkesmann Tora Aasland. Interessante og nyttige ting å få med seg.

"Mottoet" til KFB er å forbereda seg i dag på den situasjonen du kan møte i morgon.

Bkv.Liv

Kjell Inge Hope ny styreleiar i Coop Varhaug BA

Med seg i styret får han: Irene Hobberstad. Erling Skretting (ny), Tone Elin Berge (ny), Halvor Egeland (ny) og Brit Elisebeth Bratland.

Det var eit ganske roleg årsmøte, sjølv om årsmeldinga synte at omsetninga hadde gått ned i høve tidlegare år, og i tillegg til at 4 av fem i styret, med leiaren i spissen, trekte seg etter det ekstraordinære årsmøtet p.g.a. bygging av nytt varemotak. Det nye styret får mykje å ta fatt i, ikkje minst når det gjeld utbyggingsplanane, men så får dei og starta med blanke ark. Me siterar frå årsmeldinga: "Styret har hele dette året jobbet med utbyggingsplanene, og siden det ekstraordinære årsmøte ikke kunne gå med på styrets forslag, er ny butikk den største utfordringen for det kommende styret.

Coop Norge jobber fortsatt med omstrukturering av antall Samvirkelag, med sammenslåing av lag til større enheter. Dette er også noe laget snart må ta stilling til.

I tiden fremover blir det store utfordringer for Coop Varhaug, og en må stadig ha stor fokus på kostnadsstyring og inntjening, og at kunden får kvalitet og service. Vedlikehold og service på kjøle- og fryseanlegg, samt vedlikehold av bygningsmasse, vil fremover føre til betydelige kostnader."

Det vart lagt fram fleire alternative skisser for butikken på årsmøtet, og med dei innspela som kom frå dei frammøtte, fekk det nye styret i alle fall noko å gå etter når det gjeld utbyggingsplanane og framtida for handelslaget.

Red.



– kva er det?



Den 13. mars ringde det på døra hjå mange av dykk Varhaugbuar. Utanfor stod ein eller to spretne ungdomar og spurde om de ville kjøpa skrapelodd for 4H. De har nok hatt besøk av dei før òg, for ein gong i året går me frå dør til dør, og vonar at de vil støtta Norske 4H i sitt ungdomsarbeid. Sjølv om gjevargleda er stor, veit ein del av dykk kanskje ikkje eingong kva 4H er. Difor ynskjer eg no å fortelja litt om kva me 4H-arar gjer, og kva me jobbar mot.

Først vil eg presentera årets styre i Svala 4H på Varhaug:

Leiar:

Guri Bratland

Nestleiar:

Ingfrid Viland:

Sekretær:

Ingrid Helen H. Aanestad

Kasserar:

Maren Iren Kvía

Styremedlemmar:

Ateneri Mari R. Høien

Helene Ånestad

Gunn Årdal

Klubbrådgjevar A:

Brit Elisabeth Bratland

Klubbrådgjevar B:

Ann Kristin Håland

Brit Irene Kvía

Aslaug H. Aanestad

Norske 4H er ein barne- og ungdomsorganisasjon som arbeider utifrå 4H-løftet: Me lovar å arbeide mot det mål, å verta ein ungdom med klart Hovud, varmt Hjarte, flinke Hender og god Helse. Organisasjonen har klubbar i så å seie heile landet, berre her i Rogaland er det 43 klubbar. 4H finns dessutan ikkje berre i Noreg, men i mange andre land rundt om i verda.

Kvar 4H-klubb vert driven av medlemmane, som er mellom ti og tjuufem år, men medlemmane vel vaksne klubbrådgjevarar som kan hjelpa til med og rettleia i arbeidet.

I år som i fjor har me i Svala tretti medlemmar, av dei er tretten nye. I tillegg har me tre klubbrådgjevarar, og fleire andre som hjelpar oss med drifta av klubben. Gjennom året skal medlemmane jobba med eit sjølvvalt 4H-prosjekt, eller oppgåve som dei fleste kallar det. Denne vert avslutta med utstilling på haustfesten vår i oktober. Prosjektet kan omhandla alt frå handarbeid til stell av dyr, så vel som matlaging, eller å prøva seg som journalist her i Varhaugbuen for eit år. Dersom fleire vel same prosjektet, vert det ofte sett i gang gruppearbeid, der gruppa har felles møter som vert leia av ein oppgåvehjelpar. Han er gjerne ein vaksen med erfaring på prosjektområdet, eller ein medlem som har "oppgåvehjelpar" som sitt prosjekt. Me tykkjer det er særleg viktig at dei yngste har ein person som kan hjelpa


dei med oppgåva, sidan dei er nye, og ikkje veit så mykje om korleis ei 4H-oppgåve skal løysast.

Ein kan begynna i 4H det året ein fyller ti år. Då er ein aspirant i to år, og etter ni fullførte prosjekt får ein "plaketten", som bevis på tolmod og innsatsvilje. Dette kan vera ein fordel når ein i framtida skal søkja etter arbeid. Dersom ein begynner når ein er tolv år eller eldre gjennomfører ein likevel berre sju prosjekt, og må ikkje gå dei to første åra for å få plaketten. Etter å ha motteke plaketten, kan ein vera alumn fram til ein er tjuufem.

I tillegg til at medlemmane jobbar med prosjekta sine, deltek dei òg på felles medlemsmøte for klubben om lag ein gong i månaden. 4H-året starta i år som tidlegare med grautfest i desember, der me hadde juleverkstad, valde oppgåver, og sjølvsaft åt graut. I januar hadde me trearbeidskveld med fuglebrettsnikring. "Å læra ved å gjera" er 4H sitt motto, og snikringa såg ut til å vera morosam lærdom. Ein kan jo ikkje gje opp, sjølv om brettet ikkje "varte heilt beint"]

I februar var det skeisegåing som stod for tur. Glade 4H-arar med familie og venner hadde ein kjekk kveld på den nye isbanen på Jærhagen. Vidare skal me blant anna bowla, gå på fottur til Steinkjerringa, og dessutan feira Norske 4H sitt 70-årsjubileum på 4H-dagen den 4.mai.

Svala 4H har òg jubileum i år,



Frå redaksjonen

Me er midt i mars, og det er ikkje mykje som taler for at det snart er vår. Det er snø overalt, og minusgradene har vore mange i lengre tid. Men fint er det i alle fall med sol frå blå himmel over dei snøkleddde markene. Det er ikkje kvart år at det går an å spenne på seg skia ved trappa i fleire dagar (veker)etter kvarandre.

Det var gildt å lesa i Jærbladet om skirenna dei fekk til både på Ueland og Tjemslandshagen. Det er godt for nærmiljøet at nokre eldsjeler set i gang noko slikt som dette. Tenk at me har snø nok rundt dørene til eit lite skirenn, til glede både for store og små.

Det er så populært med terningkast når film o.a. vert vurdert. Eg trur eg vil våga meg til med ein seksar til desse lokale skirenna.

Som de vil sjå ein annan stad i bladet, legg me ved ein giro denne gongen. Dette er noko me vil gjera ein gong for året, dersom responsen vert god. Og me er så pass opitimistiske at me trur bygdafolket vil yta litt til dette frivillige arbeidet og. På førehand takk!

Liv

klubben fyller nemleg 30 år. Korleis dette skal feirast er enno ikkje bestemt, men det vert nok kake å få ein gong i løpet av året.

Viss du spør ein 4H-ar kva som er det gildaste med å gå i 4H, vil mange svara; "å reisa på leir". For dei yngste vert det arrangert eigen aspirantleir, og for dei eldre fylkesleir, landsleir og nordisk leir. Leirane er spekka med sosiale aktivitetar som lek, bading og ikkje minst den store 4H-sporten, volleyball.

Me ser fram til eit spennande år, og håpar at medlemmane kjem raskt i gang med oppgåvene sine, slik at dei kan få mest mogleg ut av arbeidet. Lykke til, medlemmar!

Styrevervskurs 2006

Helga 17-19 februar var fem av oss i 4H-styret på styrevervskurs med årsmøte på søndagen. Klubb-

styre frå heile Rogaland var samla på Vigrestad Storskule til ei lærerik helg, med 13-timars kurs i dei aktuelle styreverva. Det var og kurs i PR og informasjon, sidan fleire klubbar har ein person med spesielt ansvar for dette.

Heile 34 av 43 klubber var representerte, og talet på deltakarar var rekordstort, over 150 var med på kurset.

Me hadde ei gild helg, der me fekk ny inspirasjon og lærdom til å ta med oss i styret, og fekk høyra litt om korleis andre driv 4H-klubben sin. Me fekk òg ei innføring i korleis eit årsmøte føregår, og kva for saker 4H skal jobba spesielt med i år.

Ingrid Helen





Varhaugbonden ryddar jern!

I år, som i fjor arrangerte me i bonde- laget jerninnsamling 11. mars. På styremøtet tidleg same veka, var me rimeleg skeptiske sidan snøen hadde lagt seg i tjukke tunge lag over bygda. Men me beslutta å køyra på.


Vêret på lørdag var på vår side, med strålende kaldt og fint vêr. Og traktorane lot ikkje venta på seg. Mange kom og leverte det dei visste kvar låg. Det dei ikkje visste om, eller som snøen dekkja får koma med på lasset neste år! For me reknar med at dette vert årleg framover! Det er godt å få rydda litt i "raben" som me alle finn meir elle meir av der me bur, anten på gard eller i "stasjoen".

Den som tek seg av tinga, og med stødig hand lagar dei om til "flatbrød", er Jarle Waldeland. Det er karen som har kontroll på det han driv med.

I fjor fekk me inn 38 tonn, medan dette året fekk me om lag 20 tonn. Men etter som me høyrer ligg det ein del under snøen, så det får koma med neste gong.



Frå venstre:
Øystein Skretting og Tron Stokkeland.
Jarle Waldeland i maskinen.



Jomar Ånestad –
Kor mykje har me her?

Litt frå Internatet

4 av dei laga som er med i Varhaugbuen, bonde og bygdekvinnelag, BU og 4H er eigarar av Internatet, som me fekk av meieriet i 1995. I dei 10 åra som er gått sidan då, har huset vorte renovnrt frå "topp til tå", og alle desse laga har både medlemsmøta sine o.a. i huset. Kvart lag har sitt møterom. I tillegg har dyrlegane kontora sine i 1. etasje.

I 1. etasje er det og eit ledig kontorlokale men til tross for annonsering har det ikkje kome nokon leigataker. Dersom me ikkje får inn nokon brukar av dette med det første, vil kanskje bygdekvinnelaget laga til ei vevstove. Laget har tidlegare arr. fleire vevkurs i huset, men det har vore heller labert i det siste. Men kan me få til ei stove der folk kan koma og gå som dei vil, og veva det dei ynskjer hadde det vore gildt. Er det nokon som av og til har bruk for litt undervisning, kan me nok ordna dette og ved hjelp av Torill Haver. Det hadde vore gildt med litt tilbakemelding på om dette kunne vera noko å satsa på, for det er litt trist at roma skal stå tome.

Jone Bryne, leiar i Internatstyret.



Kunstutstilling på Lerbrekk

Kunstnaren Karen Roed frå Ulstrup i Danmark har maleriutstilling på skulen frå 4. mars til 9. april. Utstillinga vart åpna av ordføraren, og det var fin musikk av Liv Gjedrem Skretting og Silje Eckhoff Varhaug.

Karen Roed og mannen var til stades ved åpninga, og dei budde 2-3 dagar i lærarbu-staden før dei drog tilbake til Danmark. Men begge kjem tilbake til avslutninga av utstillinga. Her er mykje fint å sjå (og kjøpa), så her er det berre å møte fram om helgene i tillegg til nokre onsdagskveldar. Karen var vel nøgd med dei første dagane, då ho fekk selt fleire bilete.

Tekst og foto: Liv



HAUCK
DØR PORT SERVICE
SALG- MONTASJE-SERVICE-REPARASJON

Jæren Flis & Ski
Flis & Ski as
Tlf. 51 43 55 78 905 11 987
Fax 51 43 71 23

AH
BYGG AS

På "kross og tvers"

Årsmøte

Det vert årsmøte for misjonshuset torsdag 23. mars kl 1900.

På dette årsmøtet vert det andakt ved Reidar Røyland, mat og årsmøtesaker. Alle er velkomne

DVD

Video frå innviingshelga 9-11 september er no ferdig. Den er lagt på DVD-plate, og vert presentert på årsmøtet. Den vil vere eit godt minne frå denne viktige hendinga. Pris vil vera kr 150, og sidan den er laga heilt på dugnad, går heile beløpet til misjonshuset. Ta kontakt med Misjonshuset i kontortida, mandag og torsdag 1900-2100 for bestilling.

Dugnad

Som i det meste av det som gjerast i frivillige organisasjonar, vert alt arbeid på Misjonshuset gjort på dugnad. Ein dugnadsform som ikkje alltid vert nemnd, er snøbrøyting. Det er ein skikkeleg stor parkeringsplass utafor Misjonshuset, og når det no kom ein halv meter vinter i to vendingar, vart det ikkje lett å ta seg fram til døra. Me i styret for Misjonshuset vil retta ein hjarteleg takk til Sigbjørn Varhaug og søner, Han har no (som i mange år før) når snøen har vist seg med litt mengde, vore ute med traktoren og rydda unna.

Aktivitet

Det vert storsamling for heile familien søndag 26. mars. Desse samlingane vert kalla "på kross og tvers" og startar kl 1800. Ungane i ulike aldrar vert fargekoda og har tilpassa opplegg for aldersgruppa, medan vaksne i dei fleste aldrar har foredrag i møtesalen. Og etterpå er det kveldsmat! Kom og sjå kor kjekt det er! Ein kan finna bilete frå "kross og tvers" på Misjonshuset si internettside, www.varhaug-misjonhus.no

I 2006 vert det arrangert: 26/3, 21/5, 24/9 og 19/11

Det vert Misjonsfest på palme-søndag 9/4 kl 1900, med Normisjon. Og bibeltime med tidlegare generalsekretær og biskop Håkon E. Andersen fredag 7/4.

Sjå ellers program på internettsida til misjonshuset for det som skal arrangeres framover. På internettsida finn ein også (under IMF) talane som vert haldne under møteuka til IMF no i mars. Me er moderne, og har alstå såkalla PODCASTING på gang!

Med helsing, Per-Arvid

Varhaug Bridgeklubb



Bridgesesongen nærmar seg slutten. Dette bridgeåret har deltakinga i klubben vore laber. Derfor har me ikkje hatt klubbmeisterskap dette året.

Måndag 3. april blir sesongen sin siste spelekveld. Interesse er ikkje stor nok til å driva vidare slik det har vore denne sesongen. I løpet av sommaren blir bridgeklubben lagt ned. Medlemmane går etter all sannsynleg over til Nærbø Bridgeklubb.

Varhaug 13. mars 2006.

Jo Ånestad

Løa på Lenmanns- garden

Som vel dei fleste har fått med seg, så har kommunen bestemt at denne skal tas vare på. Dei har løyvt kr. 400.000 til dette, og ein ivrig gjeng med pensjonistar har starta eit møysommeleg arbeid med rehabilitering. Taket er på god veg til å verta tett og ferdig, men det er endå mykje arbeid igjen før bygget kan tas i bruk til ulike aktivitetar. Kulda og snøen nå i vinter har gjort at pensjonistane har mått ta ein liten pause i arbeidet.



"Dette har me venta på så lenge..."

4. februar var "mykje fint folk" samla til ei høgtideleg markering av at gang- og sykkelvegen langs rv. 504 og rv. 44 var ferdig. (Varhaugbuen var der og).

Det var ein sur og kald lørdag, men skulemusikkorpset stilte sporty opp saman med ordførar, rådmann, folk frå teknisk etat og vegvesenet. Og så bygdafolket då; både dei som har gjort dugnadsarbeidet og andre møtte godt opp i det sure veret. Det var mest så me hadde lyst til å stemma i med "Dette har me venta på så lenge..." – altså sykkelstien!

Eirik J. hadde ei kort velkomsthelsing, før korpset spela og ordføraren klypte den røde snora som teikn på at nå var sykkelstien offisielt åpna.

Etterpå gjorde det godt å koma inn i varmen på Lerbrekk skule, der ein del var innbedne til kaffi og smørbrød. Her var det helsingar frå både kommunen og vegvesenet med mykje skrøyd til dugnadsfolka, og ikkje minst for det gode samarbeidet det hadde vore.

Tekst og foto: Liv





Musikk, Veda- fjell og grill !

Sundag 11 juni er ein sær god dag å legge turen til Sirevåg.

Grunnen til dette er at det vil være mange småkonsertar inne i Veda-fjell. Veda-fjell er eit bunkersanlegg med fleire små og store ganger og bunkerser.

Nokre av dei er så lange og mørke at ein bør ha lommelykt om ein skal ta turen gjennom dei.

Kjem ein med bil så kjører ein litt forbi Sirevåg før ein svinger til venstre. Avstanden til jernbanen er i gåavstand. Trappa opp til Veda-fjell er bratt, men om ein tar tida til hjelp, går det fint å gå opp.

Den største bunkersen vil være opplyst med levande lys. Dette vil være med å gje ei fin ramme rundt dei konsertane som skal haldast kvar time. Me trur den første blir klokka 12 og den siste kl 16

Det vil være elevlar i Hå Kulturskule og medlemmer i Ogna og Varhaug Skulemusikkorps som skal spela.

Grillen håper me skal være varm til 12, så det er bare å ta med grillmat.

Me er ikkje ferdig med planlegginga, men me håper å få til omvisning også. Det vil være "utgangspenger" etter konsertar, kor mykje veit me ikkje endå.

Så sett av sundag 11 juni og kom til Sirevåg.



Di putla å græve

Det har vore mykje graving i sentrum av Varhaug den siste tida, med omkøyning både her og der, men det er berre noko me må leva med ei stund. Kommunen er pålagt å reinsa kloakkvatnet før det vert slept ut i Nordsjøen. IVAR skal stå for reinsinga i det nye anlegget på Grødaland, som kommunen må betala for. Tidlegare har det vore slik at det meste av kloakk, takvatn og drensvatn gjekk i felles røyr, men det har synt seg at ca 80% av overflatevatn ikkje treng

reinsing. Når dette rørsystemet nå vert lagt om, vil sikkert ikkje kloakkavgifta for Varhaugfolka verta dyrare. I tillegg til å fornya kloakkleidninga i Skrågata og Stasjonsvegen, skal det og gravast under jernbanelina, slik at fornyingsarbeidet etter kvart kan gjerast på austsida av jernbanen og. Det vert og lagt ned gassleidning i same grøfta.

Tekst og foto: Liv



 **BYGGMESTER**
Jon Harald
Håland a.s
Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 91 18 11 67. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03

EL-TEAM
Elektroentreprenør

Th
glass-studio jæren



Vil du vera med å betala litt for å få Varhaugbuen?

Eit einstemmig styre i Varhaugbuen er samde i å senda med ein giro i den første Varhaugbuen for 06, slik dei gjer med Kyrkjelydsbladet. Dette er gjort for å prøva å få meir pengar til trykkinga, slik at me kan få til eit endå finare og meir fargerikt blad. Me har ikkje sett på noko fast beløp, det gjer heller ikkje Kyrkjelydsbladet, så det er berre opp til deg kor mykje du meiner at Varhaugbuen er verd for bygda.

Til denne tid har det gått bra med den kapitalen me hadde i starten, pluss at næringsdrivande på Varhaug har vore veldig positive til annonsering. Og dette er styret for Varhaugbuen veldig takksame for. Men Varhaug er ikkje så stort, og med 4 blad i året kan det kanskje verta vel mykje for desse. Det kan nemnast at det gjekk med kr. 18.000 til trykking av det nummeret

som kom før jul, men så hadde det bladet både meir sider og meir farger enn tidlegare nr.

Me har fått gode tilbakemeldingar frå bygda på dei 3 nummera i 05, og det er ein av grunnane til at me trur at bygdefolket vil gje litt tilbake.

Styret har og diskutert om det kan vera av interesse med fast abonnement for utflytta Varhaugbuar, både dei som har flytta ut eller er borte fra Varhaug p.g.a. studiar e.a for kortare tid. Dersom det er interesse for slikt, er det berre å gje adressen til den/dei som skal ha bladet til redaksjonen, så ordnar me resten. Abbonement-prisen kjem me tilbake til.

Helsing styret i Varhaugbuen

Vennelaget for Lerbrekk Skule

Vennelaget hadde årsmøte 9. mars med godt frammøte. Årsmeldinga syner stor aktivitet på huset med utleige både til møter og fest utanom det som vennelaget står for. Dei har arr. åpen kaffe 11 gonger, grillkveld, syng med oss, graudafest, juletefest i tillegg til lefsebaking, stell av uteanlegget vask o.a.

I tillegg har det vore 17 bursdagselskap, 2 barnedåpselskap, 2 konfirmasjonar, 5 familieselskap, 1 klassefest, Varhaug Ungdomsskule si utstilling "Amerikafeber, Tor Tollefsen si salgsutstilling av blyantteikningar og mange, mange møter til diverse lag og organisasjonar. Ca 1700 har skrive namnet sitt i gjesteboka, men talet er nok nærare 2000, for det er alltid mange som ikkje "skriv seg inn". Sigbjørn Varhaug er leiar i Vennelaget. Med seg i styret har han Aud Bratland Bø, Eirik J. Varhaug, Anna Hobberstad og Sverre Varhaug. Vennelaget har og brukbar økonomi, og revisorane er Øystein Bratland og Ingvar Reiestad.



Spøde-kafè

Den siste tida har det dukke opp noko dei har kalla strikke-kafè både på Klepp, Bryne og Nærbø. Dette har i alle fall vore særers vellukka på dei to første stadane.

Varhaugbuen var innom som "observatør" då dei hadde den første på Nærbø. Her møtte det opp ca 30 damer, som vart orienterte og vist nye modellar innan strikk, og mange var det som starta strikka på eit eller anna. Butikken Idè-stova A/S frå Bryne,

stilte opp med både garn og mange flotte modellar. Og på spørsmål om dei kunne tenka seg til å koma til Varhaug med eit liknande opplegg, var svaret positivt.

Bygdekvinnelaget på Varhaug har vore i kontakt med handelslaget - eller Mega - om du vil - dersom me ynskte å få til ein "spøde-kafe". Handelslaget v/Jofrid sa seg interessert i dette, så nå får berre styret i bygdekvinnelaget sjå kva dei kan få til. Her kan me slå to

fluer i ein smekk; både merkedsføra Mega og bygdekvinnelaget på ein litt spesiell måte.

Liv



Har du vore på "Grøden" i vinter?




Foto: Elin

Dei fleste innfødde Varhaugbuar, store som små, har eit forhold til "Grøden" - den litla tjødna i Grødalandsskogen. I fleire år var den ikkje brukandes p.g.a. nedtapping i samband med dyrking o.a., men hausten 98 var det ein gjeng med Eirik J. i spissen som rydda siv o.a., slik at "Grøden" igjen vart brukandes som skøytebane.

Då den første frostperioden kom i vinter, var det eit yrande liv der. Seinare vart isen noko krudritte, og så kom snøen, så det var ikkje så veldig mange dagane det gjekk an å bruka skøytene.. Men litt vart det då. Sidan 98 er det ca 300 som har teke skøyteknappen på Grøden, nokre også i år. Det er og ein del frå Nærbø som har vore her og teke skøyteknappen.

GARDINER · MALING · GULVBELEGG · TEPPER · TAPET

Halvorsen's
fargehandel

4360 Varhaug - Tlf. 51 43 05 97

Hege & S
eidi Salongen AS

Rådhusgt. 3, 4360 Varhaug
Tlf.: 51431018

Bohus®

VARHAUG
Stasjonsvn 14, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 87 00
Åpent: man-fre 10-19 • Lørdager 9-14

LANDETS STØRSTE MØBELKJEDE

Senior- Bu-Felleskap

Det kan vera aktuelt å bygga husvære for eldre på det planlagde byggefeltet i Reiestadmarka. Seniorrådet i kommunen har vore på synfaring i Danmark, der det er gjort gode erfaringar med seniorbufelleskap Dei vil arbeida vidare med dette, for kanskje å få til noko liknande her

Kravet for å vera med i felleskapet er alder 50+ og utan heimeverande born Det er mange både einslege og einsame i dag, og med eit bufelleskap kan dei både få eit sosialt felleskap og kjenna

større tryggleik. I eit bufelleskap har alle eit eige lite husvære, men det er og eit felles opphaldsrom (salong) der dei både kan sjå TV saman eller ha eit eller fleire måltid saman. Felles gjesterom, trim- eller hobbyrom er og med her.

Tankane bak dette er i startfasen, og om det kanskje verkar litt framant i første omgang, så har det nok absolutt noko for seg. Tida vil visa om det kjem noko slikt på Varhaug.

Eirik J.

Konsert i Nærbø Kyrkje med Jæren Symfoniorkester

Jæren Symfoniorkester, som er eit samarbeid med kommunane Time, Klepp og Hå, har for tida 4 musikkarar frå Varhaug, m.a. konsertmeisteren, Lars Ole Bergersen og kona Solfrid, Liv Gjedrem Skretting og Gudmund

Haraldseid. Søndag 2. april kl. 1900 skal Symfoniorkesteret saman med Vidvace ha konsert i Nærbø Kyrkje.

Merk dykk denne dagen, og kom i kyrkja til ein flott og hyggeleg konsert.

SJAKK på Varhaug

No i februar og mars har me hatt ein sjakkturnering i skulesjakklaget på Varhaug.

16 deltakarar skulle spele 7 runder, men pga influensa og anna fekk nokre berre spelt 3 parti. Resultat for dei som sank mest poeng:

Nr 1- 3: Einar, Magne og Ole: 4.5p

Nr 4- 5: Sverre, og Atle 3.5p,

Nr 6- 8: Andreas, Mads og Ole

Andreas: 3p

Nr 9-11: Joar 2.5p, Lasse og

Patrick 2p.

Sundag 19. Mars skal me stilla med lag i kretsmeisterskapen for skulesjakk på Karmøy. Resultat og reportasje kjem i neste nummer av Varhaugbuen.

Sjakk for vaksne? Korleis går det med det? Me har vore opp til 5 som har spelt litt på tirsdagskveldane. For å få litt fleire med på å spille sjakk, vil me dra i gong ein ny sjakkklubb, Jæren Sjakkklubb. Spelestad vert frivillighetsentralen i 3. etasje i M44 på Bryne, og første spelekveld vert 30.mars kl 1900. Alle er velkomne, anten ein er kaffesjakkspelar eller vil vere med i turneringar. Det vert med folk frå tidlegare Nærbø sjakkklubb, frå Bryne og trolig frå heile Jæren sør for Ganddal, og frå Gjesdal. Kom du og!

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Døde menn og blanke postkassar!

For ein som ikkje kjenner bygdefolket i tre generasjonar er det vanskeleg å finna fram til rett postkasse på Varhaug.

I ulike ærend har eg teke meg nokre rundar rundt om i bygda for å levera post. Eg kom til bygda i 2001, og må ærleg innrøma at eg ikkje kjenner alle som bur i Varhaug. Du kan godt seie at eg er litt tunglært, men likevel har eg prøvt meg på utkøyring av Varhaugbuar og brev. På kartet eg har fått utdelt står namna Kydland, Auestad, Håland, Sør-Tjemsland og Røyrmyrå. Kartet er detaljert, så eg ser så nokolunde kor mange hus det skal vera, men kor startar Auestad, og kven bur i dei blanke postkassane? Høyrer det fleire hus til i ein postkasse, og mon tru om ikkje det namnet der kan vera den avdøde farfaren til han, for han har jo den same førebokstaven? Er forresten vegen til høgre etter steinen som viser Røyrmyrå den einaste, eller er det fleire gardar og hus bak skogen? Dette er ikkje spørsmål med stor betydning, men de får ha meg orsaka om de som bur der aldri har fått eit nummer av Varhaugbuen, eller manglar eit blad til det andre huset. Eg lærer litt meir om folk for kvar gong, og det er veldig gildt å læra bygda å kjenna.

Kristin Søyland



Svolten?



Me har det mesta
som får deg
god og mett!



BØEN STORKIOSK
SPILL OG KIOSKVARER

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 ÅPNINGSTIDER: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30



**Vi merker din
parkeringsplass**
eller andre arealer som trenger merking



**Salg og
montering
av butikk-
innredning**

PS service as

PÅL SKRETTING

Toppaveien 7 • 4360 Varhaug

Mobil 908 89 556

Fax: 51 43 33 64

